



I dette området skal pumpestasjonen liggja.

Dale Entreprenør har denne veka så å seia gjort unna ein ny etappe i arbeidet med kloakkleidninga gjennom sentrale delar av Uskedalen.

Det er strekninga frå grensa mot Rabben og utanfor båtlaghuset og lite står att før dei har nådd fram til asfalten rundt båthamna. Dermed trekk leiinga i båtlaget eit lettelsens sukk.



Røra ligg klare og blir snart gravd ned vidare langs stranda.

- Vi har vore svært bekymra for at denne etappa ikkje ville verta klar før Aktivitetsdagen 12. juni og harmasa på entreprenøren. No kan heldigvis avviklinga gå etter programmet, sier båtlagleiar Rolf Myklebust til uskedalen.no.



Klokken er snart ført forbi båtlaghuset.

Ein kan konstatere at entreprenøren pyntar fint opp etter seg. No skal arbeidet gå vidare til og forbi Sandakaiaen og vidare langs nausta og fram til eit nytt knutepunkt. Det er

staden der det skal leggjast ein ny pumpestasjon. Det er inne på skulen sitt område, ikkje så langt frå grillhytta. Her skal kloakkrøra frå og til sjøen ende.

Opprinneleg var det ynskje frå kommunen om å leggja pumpestasjonen på området til ein privat grunneigar, i bakkant av badeplassen. Men grunneigaren protesterte og stasjonen vart flytta til kommunal grunn og nærare Neset.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen